

BOKN BYGDAABLAD

NR. 4 - MAI 1996 - ÅRG. 11

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

**Bokn skule: Prosjektveke innan emnet
«Bokn kystkultur»**

Tittel på prosjektveka i år er:

HAVET SOM SPISSKAMMERS


Me er nå kome til slutten av prosjektveka -96 ved Bokn skule.

Denne veka har vore heilt spesiell og ulik andre skuleveker for elevar og lærarar. Dei har hatt fylgjande opplegg:

1. *Ein dag på sjøen og fiska.*
2. *Ein dag på kjøkken og laga mat (fiskerettar), pluss ut på ekskursjon.*
3. *Ein dag med formingsaktivitetar for å laga utsmykkingsarbeid til skulen.*

Fredag den 3. mai har skulen ope hus for bygda. Då skal foreldre og andre få smaka på det som er laga av fiskerettar for ein rimeleg penge. Dessutan skal dei ved utstilling av formingsarbeidet få sjå kva som er laga i løpet av veka.

Undervisningsinspektør Ingjerd Thuestad seier til bygdabladet at skulen har hatt god hjelp til dei ulike aktivitetane.



Når det gjeld fiskinga har både foreldre og andre saman med nokre av dei eldste elevane som har båt stilt opp slik at alle har fått ein dag på sjøen. Fisk har dei fått, og dei har også fylt den første levande fisken i år i akvariet på kaien i Alvestadkroken.


Den andre hovudaktiviteten har vore på kjøkkenet og matlaging. På måndagen hadde dei på førehand fått fått tak i fisk hos ein fiskar, slik at dei hadde noko å starta på. Resten av veka har dei halde fram på kjøkenet i grupper, og mat er laga opp til fredag.

Den tredje hovudaktiviteten har vore forming. Elevane har m.a. laga eit par større formingsarbeid med maritimt tilsnitt som foreldre og andre vil kunna sjå på fredag.

Noko av programmet har vore ekskursjonar. Her har dei vore ved Loden Laks og studert korleis eit framh. s. 2

HAVET SOM SPISSKAMMERS

framh. frå s. 1



moderne lakseoppdrett fungerer. Vidare har dei vore ved Bokn Ålerøykeri og i fjæra for å studera livet der.

Ingjerd Thuestad fortel at prosjektveka i år har vore planlagd over lengre tid. Mykje skal klaffa med transport av gruppene, det skal vera nok båtar, og ikkje minst har det vore viktig at veret har vore så fint at dei kunne gjennomføra uteaktivitetane.

I fjar hadde Bokn skule prosjektet «Fredsjubileet». Dette var både lærerikt og interessant. Prosjektet i år er meir praktiske aktivitetar for elevane, mykje foregår ute i nærmiljøet.

Prosjektet i år har vore basert på at elevane arbeider i grupper, men alders- og klassemessig er dei blanda. Denne blandinga av store og små medfører at dei store er modellar og lærermestrar for dei mindre på mange område. Dette har ein særleg lagt merke til i kjøkkenet.

Ingjerd Thuestad seier at også dei vaksne i skulen har lært mykje, og

kome seg rundt på Bokn og sett næringer og natur som dei kanskje ikkje kjende godt nok til tidlegare.

Denne type prosjektarbeid vert nå meir vanleg enn før, og ligg både i årsplanar og i den nye læreplanen for grunnskulen (G-97).

Skulen er godt nøgd med prosjektet så langt i år.

Men utan hjelp frå lokalmiljøet ville det ikkje gått så greit.

- Foreldre og andre har stilt med båtar
 - Steinar Alvestad har gitt lov til å bruka kaien, toalett i sjøhuset og akvariet på kaien
 - Loden Laks har tatt imot elevar for omvising, og det same har Bokn Ålerøykeri gjort
 - Øvrebø Fiskeoppdrett har sponsa med laks
 - Bondelaget og meieriet har sponsa med mjølkeprodukt
 - Westsild har gitt sild
 - NKL har gitt grønnsaker
- Og dei som utfører skysstenestene har tilpassa denne til opplegget.



Folkefesten i Bokn 17. mai: **KOMMUNALMINISTEREN HELD FESTTALEN**

Kommunalminister Gunnar Berge skal halda festtalen ved folkefesten 17. mai i år. Bygdabladet har snakka med ein av medlemene i 17. mai-komiteen for å høyra kva som var tanken bak at nettopp kommunalministeren vart invitert for festtalen.

Det er formannskapet som som er 17.mai komite i år. I og med at Gunnar Berge har vore ein sterk eksponent for at Bokn bør bli samanslått med Tysvær, har det ikkje mangla på reaksjonar på valet av festtalar på denne spesielle kvelden. Men 17. mai komiteen hadde sine grunnar for å spørja kommunalministeren om å vera festtalar. Dei ynskjer å visa Bokn sin eigenart og dei verdiane som er knytt til det å vera eigen kommune. Spørsmålet om å oppretthalda små kommunar dreier seg ikkje berre om kor mange kroner og øre som eventuelt kan sparast inn ved å leggja mindre kommunar under dei større.

17. mai er ein av dei festdagane i Bokn kor mange av dei positive verdiane ein meiner fins i små kommunar kjem fram. Då samlast ung og gammal frå heile kommunen til fest og samver frå morgon til kveld i dei mange aktivitetane og arrangementa som foregår. Det startar med kapproing, held fram med folketog, gudsteneste, eit mangfold

av aktivitetar ute og inne ved Bokn skule, for så å avsluttast med folkefest om kvelden. I år er det også dansearrangement etterpå. God mat og drikke høyrer med, og ikkje minst alle ein treff på og kan slå av ein drøs med.



Kommunalminister Gunnar Berge

17.mai-komiteen ynskjer at kommunalministeren skal få med seg mange gode inntrykk frå lokalsamfunnet i Bokn som han kan ta med seg til Oslo. Dette kan også koma fram gjennom underhaldning og fest. Dei meiner difor at det var eit naturleg val å invitera kommunalministeren hit. Spørsmålet om Bokn sin eksistens som eigen kommune er den viktigaste saka ein har i åra som kjem. 17. mai-komiteen vil difor oppfordra folk til å visa kommunalministeren at Bokn har framtida for seg.

IDRETTSLAGET INFORMERER.



Vårsleppet

Vårsleppet gjekk av stabelen søndag 21.04.

Løypa vart som i fjor, og gjekk frå bedehuset på Austre bokn og til Våga eller Kro. Ein del valde å gå begge vegar i det fine veret. Det var tredje gongen dette 'sleppet' vart arrangert, og det var 51 deltakarar med. Merket i år hadde fine blåveisblomar som motiv.

17. mai dans!

Bokn Idrettslag arrangerer dans 17. mai etter bygdafesten om kvelden. Dansen startar kl. 22.30 - og me håpar at me får halda på til kl. 02.00.

Inntekta av dansen går til Lillegutt - fotballaget som skal reisa til *Norway Cup* i sommar. Det er foreldra som stiller som vaktlag på dansen.

Bandet som spelar heiter ***BROKEN DEAL***.

BROKEN DEAL er eit populært tremannsband frå Haugesund. Repetoaret består av variert musikk for eit breitt publikum. Dei spelar like gjerne for dei heilt unge som for dei vaksne, og prøver alltid å få folk i stemning og ut på dansegolvet.

BROKEN DEAL sine medlemmer er:

Per Steinar Nordbottn - gitar, sang

Knut Edvin Nordbottn - gitar, sang

Tommy Lindmann - bass, sang

Elles minner me om at betalingsfristen for medlemsskapet i idrettslaget er forfalt. Ynskjer du fordeler er det lurt å betala kontingenget før dansen, så sparar du litt... har du behov for ny rekning kan du venda deg til underteikna eller til postkontoret.

May Jorunn Vatnaland

Bokn I.L.

PSYKISKE LIDINGAR I BOKN

Bjarte Stubhaug er avdelingsoverlege ved psykiatrisk avdeling på Fylkessjukehuset i Haugesund. Han har skrive ein mindre artikkel om emnet ‘psykiske lidingar’ som kan vera interessant for mange:

Pykiske lidingar har vore mykje omtalt i aviser og media siste par år. Heldigvis, fordi dette har vore eit tema som tidlegare har vore mørklagt og lite omsnakka. Det har også vore svært liten kunnskap om psykiske lidingar og psykiatrisk sjukdom.

Alt som har hatt med «nerver» å gjere, skal ein helst skjule. På denne måten har alt med nerver og psykiatri blitt knytta til skam, svakhet go stundom tabu.

Det har vore svært vanskeleg å få god kunnskap om kor vanleg det er med dei ulike psykiske lidingar og plager. Vi veit berre at berre ein liten del av dei som har psykiatriske symptom, kjem til lege med sine plager, og at ein endå mindre del får god nok behandling.

Siste åra har både stat og kommune prøvd å stimulere arbeid med psykiske lidingar. Samtidig har dei psykiatriske sjukehusa blitt bygd ned og behandlingsplassane ved sjukehusa blitt reduserte. Dette har medført at kommunane har fått større oppgåver enn dei stundom har kapasitet til. Det er då blitt nødvendig for kommunane å samarbeide med spesialisthelsetenesta.

I Nord-Rogaland har vi sett igang eit stort samarbeidsprosjekt mellom sjukehuset, dei psykiatriske sentra i regionen, og dei ulike kommunane. I Bokn, Tysvær og Vindafjord har vi ei sentergruppe rundt det psykiatriske senteret p Aksdal.

For å planlegge gode behandlingstilbod i kommunane har det vore nødvendig å finne ut behovet for psykiatrisk behandling i kommunane. Vi prøver difor på ulike måtar å kartlegge forekomsten av psykiske lidingar.

Alle husstandar i Bokn har fått tilsendt eit spørjeskjema om psykiske lidingar i Bokn. Dersom alle husstandar svarar på dette, vil ein få ein god og nyttig informasjon om kor vanleg dei ulike psykiske lidingane er i Bokn. På denne måten kan ein også lettare planlegge kva behandlingstilbod ein bør tilby, enten gjennom legekontakt, gjennom bruk for psykiatrisk sjukepleiar, gjennom dagtilbod p Bokn sjukestove eller på Psykiatrisk senter i Tysvær, eller på annan måte.

Eg oppmodar alle husstandar i Bokn om å prøve å svare på spørjeskjemaet så godt råd er.

*Bjarte Stubhaug
avd. overlege*

MINNEORD

Einar Ellingsen er død, 77 år gammal. Han var nest yngst av ein syskenflokk på 5. Foreldra var Peder og Alida Ellingsen.


Etter konfirmasjonen var Einar først på fiske. Seinare arbeidde han også på kystruta, og i periodar på garden. Han dreiv også litt småfiske. Men det meste av arbeidet hans besto i at han var med på dei større sesongfiskeria, også med eige fartøy.

I 1941 vart han gift med Klara Loten, og flytte til Straumen kor dei stifta bu i hennar heim. Dei fekk ei jente og ein gut som nå har heimane sine i Stavanger.

Einar Ellingsen vart enkemann i 1973. Seinare vart han gift med Tordis, f. Søndeland.

Einar Ellingsen var ein god far og ektefelle. Han kjende boknarane godt og sat inne med mykje kunnskap frå tidlegare tider som det var interessant å lytta til.

Dei nærmaste attlevande er kona Tordis, og barna Kjellaug og Sigbjørn frå første ekteskap. Vidare svigerbarn, barnebarn, og oldebarn.




Solveig Gundersen, f. Mallaug er død, 50 år gammal. Solveig var frå Svolvær i Lofoten, kor ho vaks opp saman med to eldre brør. Foreldra hennar var Ottar og Kitty Mallaug.

I oppvekståra var Solveig særleg opptatt av idrettsaktivitetar og musikk.

Solveig Gundersen kom til Bokn saman med ektefellen Bjørn Eirik og dei tre barna i 1987. Dei kjøpte seg hus her, og ho har hatt arbeid både som teknisk teiknar hos byggefirmaet Utvik, og ho har arbeidd ved Bokn Fiskemottak og ein periode ved Bokn barnehage.

Før dei kom til Bokn budde familien i Sigerfjord i Sortland kommune. Her hadde Solveig m.a. vore medlem av skulestyret i tre periodar.

Solveig Gundersen hadde lett for å koma i kontakt med folk. Ho vart difor raskt kjend med mange i lokalmiljøet. I eigen familie var ho eit naturleg midtpunkt, og saknet etter henne er stort. Dei nærmaste som ho etterlet er ektefelle, tre barn, svigerbarn og to barnebarn.



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

HUGS Å LEVERA BØKER DU HAR LÅNT
TIL RETT TID, ANDRE KAN VENTA
PÅ DET DU HAR LÅNT !!!

INFORMASJON FRÅ BIBLIOTEKET

På biblioteket finn du kommunen
sine offentlege sakspapir.

Biblioteket kan skaffa deg faglitteratur
innan ulike emne og på ulike nivå.



NÅ ER DET TID FOR HAGE -

biblioteket har bøker og
tidsskrift som gir deg
gode råd og idear til hagen.

SALGSUTSTILLING

Akvareller måla av Karete Larsen er
utstilt i gangen utafor biblioteket.

Henv. Biblioteket

BIBLIOTEKET ER HER FOR Å YTA DEG SERVICE!

TORANESET RENOVASJONSSELSKAP

TLF. 52 76 24 74

HEIMEKOMPOSTERING

Er du interessert i å starte med kompostering? Toraneset Renovasjonsselskap har som første steg i realiseringa av avfallsplanen, kjøpt inn eit avgrensa antal varmkompostbingar til fordeling i medlemskommunane. Bingane skal lånast ut gratis og opplæring vil bli gitt.

I første omgang er følgande område i kvar kommune utplukka:

Bokn:	Loten og Jøsang
Etne:	Åkerfjordvegen-Fjæra/Rullestad
Tysvær:	Stranda skulekrets
Vindafjord:	Dalavikvegen
Ølen:	Trovåg

Er du interessert kan du ta kontakt med miljøvernleiaren i din kommune. Også andre interesserte utanom dei utplukka områda vert oppmota til å ta kontakt.

Svarfrist vert sett til mandag 13. mai. Miljøvernleiar i Bokn kommune er Olaug Askeland - tlf. 52 74 85 00 måndagar/tysdagar/og halv dag onsdagar.



**BOKN
KOMMUNE**

TAKK TIL SANITETSFORENINGA

I år har Norske Kvinners Sanitetsforening 100 års jubileum. Bokn sanitetsforening er neste år 60 år.

Den 3. mars i år markerte Bokn sanitetsforening NKS sitt jubileum, og ordføraren var til stades for m.a. å takka for den innsatsen som er gjort lokalt.

Ordføraren vil likevel på denne måten gjennom bygdabladet overbringa takk for alt det arbeidet sanitetsforeninga i Bokn har utført i snart 60 år. I kommunen kan ein merka dette t.d. gjennom at fotpleietilbodet kunne halda fram med støtte til drifta av sanitetsforeninga. Av andre tiltak som sanitetsforeninga står bak kan nemnast at alle 4. klassingar får sykkelhjelmar, og at helsestasjonen nyleg fekk moderne spedbarnsvekt. I dei nye romma ved sjukestova kom det minikjøkken frå sanitetsforeninga. Slik sett har foreninga gjennom alle år vore med og gitt ei betydeleg støtte til lokalsamfunnet for å fremja trivsel, helse og eit betre lokalsamfunn for ung og gamal.

*Sigrunn Hole Hosaas
ordførar*



PLANTEBYTEDAG

Laurdag den 11. mai kl. 12.00
på Bokn skule

PLANTEBYTTE: Ta med planter som du har til overs og la andre få dei - og få deg nokre nye sjølv.

BARNELOPPEMARKED: Barn tar med leiker, spel, og/eller blad som dei vil byta med andre barn. Håper mange stiller opp.

Både plantebute og barneloppemarked skal me prøva å organisera godt.

PLANTESALG: Også i år kjem Ødegård Plantesalg og Johan Sandvik med forskjellig me kan kjøpa

Salg av grillmat v/ bonde- og småbrukarlaget. Vafler og kaffi.

Sjå oppslag

ALLE ER VELKOMNE!

Bokn Hagelag



2. gongs utlysing:

Ledig deltidsstilling som **AMBULANSESJÅFØR**

Det er ledig deltidsstilling som ambulancesjåfør i Bokn kommune. Tiltreding så snart som muleg. Det er også behov for ferieavløysing.

Stillringa er i turnus med bakvaktordning kvar 3. veke etter arbeidstid/natt og helg. Det er ynskjeleg med kurs i førstehjelp, og ein må kunna framkappa helseattest for førarkort i klasse D. Det er ynskjeleg med ekstra kurs i ambulansekjøring. Søkjarar som ikkje har dette, må vera villige til å ta den opplæringa som er pålagt for stillinga. Vaktberedskap for Kyrkjebymgd Vassverk er lagt til stillinga.


Nærare opplysningar om løn, arbeidstid m.v. vert gitt ved henv. til Bokn sosialkontor.

For begge stillingane gjeld:

Søknad vedlagt kopiar av vitnemål/praksis skal sendast til bokn kommune, 4290 Bokn innan 15. mai 1966.

Rådmannen

KAPPROING 17. MAI



Kaproinga startar kl. 08.30 i Alvestadkroken ved kaien til Steinars


Møt opp enten som deltar eller tilskuar. Skal me halda tradisjonen ved like må boknarane vise interesse og melde seg på som deltarar

Påmelding til Svein Ove Alvestad tlf. 52 74 86 08 - mobiltlf. 946 15509

Siste frist for påmelding er 15. mai

Arr: Bokn Fiskarlag

17. mai vil Steinar og Ingebjørg halde ope i sjøhuset for frokostservering fra kl. 08.00.



MUSIKKSKULEN

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 1995/96.

I eit innbrot på kulturkontoret natt til 24. april forsvann det meste av datautstyret. Innbrotet skjedde dessverre rett før ein "Back-up", og data frå dei siste vekene er borte.

Eg må derfor be om at alle som meldte seg på før 24. april, gjera dette ein gong til.

Ny påmeldingsfrist er fredag 10. mai.



BOKN
KOMMUNE



STØTTEKONTAKT

Bokn kommune har bruk for personar som kan vera støttekontakt for barn og vaksne. Løn etter tariff. Dersom du kan tenkja deg slikt arbeid nokre timer i veka - ta kontakt med Bokn sosialkontor for nærmere informasjon.
tlf. 52 74 85 00

HJERTELIG TAKK
for all deltagelse ved Henny
Alvestad's bortgang.
Familien

HJERTELIG TAKK
for all deltagelse, hjelp, medfølelse
og blomster ved vår kjære Solveig's
sykdom og bortgang.
For familien: Bjørn Eirik Gundersen

HJERTELIG TAKK
for all oppmerksamhet og deltagelse
ved vår kjære Einar Ellingsen's
bortgang.
Familien

BOKN HAGELAG har til leige:

Pris medl. Pris ikkje medl.

Plentrommel	gratis	50,-
Jordfresar	75,-	150,-
Plenluftar	75,-	150,-
Tilhengar	75,-	150,-

Utstyret står hos Otto Fostenes, tlf.
52 74 86 53

TUSEN TAKK
for oppmerksamheten ved min 60 års
dag.
Helsing Ingrid

ANKER
Gammelt/nytt stolpeanker uansett
størrelse ønskes kjøpt.
Regn med god pris hvis hurtig handel
***Ring Odd Olsen tlf. 52 74 84 72
etter kl. 18***

BOKN BRANNSTASJON
Kontroll av brannsløkkingsapparat
tirsdag den 07.05. kl. 09.00.
Privatpersonar kan koma med sine
brannsløkkingsapparat og få dei
kontrollerte.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro
Reidun Grønnestad
REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-
Halv side: kr. 150,-
 $\frac{1}{4}$ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 04.05: Elevkonsert på skulen
kl.14.00. Arr: Bokn
musikkskule
- 05.05: Frelsesarmeen, kaffemøte,
Bokn Bedehus kl. 15.00
- 11.05: PLANTEBYTEDAG ved
Bokn skule kl. 12.00. Sjå
omtale og oppslag.
Arr: Bokn hagelag
- 12.05: Den norske sjømannsmisj.
Bokn Bedehus kl. 15.00.
- 17.05: Tradisjonell feiring av
nasjonaldagen. Sjå program
som kjem i posten.
- 23.05: Karmsund indremisjon, Bokn
Bedehus
25. - Njård Fjordhestlag, Pinse-
- 27.05: samling, Sandbekk



- 17.05: Familiegudsteneste kl.10.30
v/ Arne Aurdal.
- 26.05: kl.11.00 Vi deltek på
Høgtidsgudsteneste på
Stemnestaden- 50-års
jubileum.
- 27.05: Høgtidsgudsteneste v/ Arne
Aurdal. Nattverd. Offer til
NKSS.
- 02.06: Gudsteneste v/ Arne Aurdal
kl. 11.00. Offer til Blå Kors

LENSMANN
Første fredag i hver mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdag mellom kl. 12.00 - 15.00

FOTTERAPI
Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG
Måndagar 9 -11.30.
Elles etter avtale.
Marie Løvoll Faye
helsesøster